



Team Hardanger

Referat frå møte i Team Hardanger

Torsdag 01.06.2017 kl 09.00 – 15:00

Stad: Hotel Ullensvang, Lofthus

Tilstades: Natalia Golis, Lisbeth Bygstad Celik, Marie Opheim, Trude Rinaldo og Jostein Eitrheim

Forfall: Jan Tjosås, Sigrid Brattabø Handegard, Elisabeth Wesenlund Hauge, Rannveig Børve, Olav Seim, Sigmund Vereide.

Gjester: Kjersti Bjørke, Næringshagen i Hardanger
Lars Børve og Hilde Holdhus, Greenstat

Orienteringar:

Pågåande og planlagde prosjekt, Næringshagen i Hardanger

Orientering v/ Kjersti Bjørke, Næringshagen i Hardanger
Presentasjon frå Kjersti Bjørke er vedlagt til referatet.

Greenstat – orientering om mogeleg samarbeid/støtte for arbeidet med

- **klima- og miljøplanar**
- **støtte til industri og næringsliv som ønskjer å satsa på fornybare produkt og løysingar**

Orientering v/ Lars Børve og Hilde Holdhus
Presentasjon er vedlagt til referatet

Dagleg leiar orienterer Regionrådet om kontakten mellom Team Hardanger og Greenstat og drøftar der mogeleg vidareføring av samarbeid.

Sakliste

- **Fellesprosjekt «Hardanger 365»**
Hans Jørgen orienterte om mogeleg tilnærming til Regional reiselivsstrategi og prosjekt for å auka turiststraumen til Hardanger i perioden 1.10 – 30.04.
 - Fleire arrangement
 - Fleire festivalar
 - Fleire meisterskap eks. VM i LudoDrøfting av
 - Prosjektplan
 - Søknad til Hordaland fylkeskommune
Hans Jørgen Andersen, Reisemål Hardanger Fjord deltar i denne saka.
Team Hardanger utarbeider søknad til Hordaland fylkeskommune om støtte til prosjekt Hardanger 365. Målsetjing er å senda denne søknad før



sommarferien. Det må før søknad vert sendt avklarast korleis dette prosjektet skal samhandla med Prosjekt «Hardangersmak» v/ Næringshagen i Hardanger og Prosjekt «Totalpakke Reiseliv» v/Næringshagen i Odda.

- **Hardangerkonferansen 2017**
 - Team Hardanger ønskjer at det vert ein gjennomgåande grøn og bærekraftig profil på Hardangerkonferansen 2017. Be møteleiar av konferansen om å ha fokus på dette.
- **Studietur til Gloppen 2017.**
 - TH føreslår 8.-10. november. Dette skal sjekkast ut med Gloppen hotel. Ønskjer å invitera med overnattingsstader i Hardanger, der dei må vera representert både får leiging og kjøkken.
 - Denne studieturen er del av «Hardanger 365», og skal finansierast av prosjektet.
- **Ymse**
 - Innkjøpssamarbeid/innkjøpsreglement for Hardangerkommunane. Medlemmene i TH tek opp i sin kommune/herad behovet for å revidera innkjøpsreglement slik at innkjøp frå lokale produsentar lettare kan gjennomførast. Om det er aktuelt med eit felles prosjekt for dette kan TH vera med i dette.
 - Eigarmøte i Invest in Bergen skal vera fredag 16. juni. Her vil både Eidfjord og Ulvik delta.
 - Etablerarfond for Hardanger. TH drøfta om det bør vera krav for utbetaling av stønad at mottakarar gjennomfører etablerarkurs. Det vert teke opp på nytt i neste møte.

Kinsarvik 12.06.2017

**Natalia Golis/s
Leiar**

**Jostein Eitrheim
sekretær**